



Møtereferat

Møte i prosjektgruppa

Møtedato: 10.04.2019	Møtestad: Rådhuset i Førde
-----------------------------	-----------------------------------

Møtt	Ikkje møtt
Prosjektgruppe: Jakob Andre Sandal Erlend Herstad Håkon Myrvang Svein Årdalsbakke Anita Eide Kvamme (leiar av gruppa) Administrasjon: Anette Sollid	Anne Margrete Frimannslund Judith Kapstad Mathias Råheim Sølvi Iren Søgner

Møteleiar: Anita Eide Kvamme	Møtereferent: Anette Sollid
-------------------------------------	------------------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Ordførarkjede <ul style="list-style-type: none">Under produksjon hos Øvrebø smykkeverkstad		
2	Sermoni – overgang til Sunnfjord kommune <ul style="list-style-type: none">Rein Design er godt i gong med å planlegge seremoni på nyttårsafta for å markere overgang til ny kommune.Informerte om innhaldet: KL 20.20 på nyttårsafta, lysshow, overrekkeing av ordførarkjede og mange kor rundt om kring rådhusområdet frå kommunane som framfører Sunnfjordsangen.Ser føre seg at det kan komme fire tog frå kvar sin kant, og møtast på rådhusplassen. Oppmode om at innbyggjarane lyser opp #mestopplystTag-tool frå Høyanger er i gong med kartlegging i høve lysdesignØnskjer eit kostnadsoverslag over sommaren. Busjettet var på 200 000 kroner der 100 000 kroner går til Rein Design for organisering med meir.		
3	Sang <ul style="list-style-type: none">Har vore i dialog med kulturskulen for krav til song.Arbeidet med å finne tekst og melodiskrivar er i gong, men ikkje landa.	Anette	

4	<p>Sunnfjord kolleksjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det har vore gjennomført møte med Tuva Listau (tekstil design), Univerket (mønster og farge) og Catrine Vagsatad (teknisk teiknar) • Arbeidet med Sunnfjord kolleksjon tek til no i juni med ein workshop mellom dei tre. • Kolleksjonen vil innehalde strikkemønster for dame, herre og barnemodell. Det er idear om meir. • Dei første mønstera vil vere klar rett over sommaren, så vil vi utvide utover hausten. • Tanken er at innbyggjarane skal få kome i igong med strikking – årets julegåve det her! 		
5	<p>Singel lue</p> <p>Luene er kome og vert distribuert til kommunehusa. Saken vil bli presentert på nettsida som eit ferie tips frå Sunnfjord kommune. Der vi brukar referansen til fjelltur og grøn lue. Vi kan tipse om at for dei som har planlagt meir festivalbesøk enn fjellturar, så kan lua godt brukast der også!</p> <p>Som de ser så kan lua vrengast, og den røde hjerte sida kjem fram. Tanken er at lua kan vrengast når kjærleiken er funnen.</p> <div data-bbox="264 965 1206 1464" data-label="Image"> </div> <p>Artikkel på nettside: https://www.prosjektsunnfjord.no/ferietips-finn-kaerleiken-i-sommar/?fbclid=IwAR1p5z1c6fgEsU4nuaioOf5L3nMIT8E_f14dFLztCB4zicbutdeSE8UU1Y</p>		
	<p>Titur</p> <p>Saman med Indre Sunnfjord Turlag inviterer kommunen til Titur i Sunnfjordfjella. Turane går frå fjæresteinane i vest til breen i aust.</p> <p>Opplegget er godt i gong. Les meir her: https://www.prosjektsunnfjord.no/premiar-titur-sunnfjord/</p>		



Dette er sekken som vert delt ut som bonsupremie.

Babyboom

Sunnfjord kommune gjev vekk 1 år med barnehageplass i Sunnfjord kommune til det første barnet som blir født i den nye kommunen. Les meir <https://www.prosjektsunnfjord.no/gratis-barnehageplass-til-forste-fodte-i-sunnfjord-kommune/>

Som oppfølging til dette, så tenkjer ein å få laga nokre mamma og pappa t-skjorter som kan delast ut i november når magane begynner å vise.

Ung i Sunnfjord

Informerte om staus på aktivitetane som har fått midlar.

- LanSunnfjord vert gjennomført no i juni.
- Ungdomsklartring vart starta opp i mai og vil halde fram att voer sommaren.
- Elvepaddling – utstyr er kjøpt inn og aktivitet vil starte opp.
- Sandvolley er inne i sandhallen, og vert starta opp til hausten.
- Gapahuk – er ikkje fullfinansiert, så avventer der.

Les kven som fekk midlar:

<https://www.prosjektsunnfjord.no/desse-far-midlar-til-aktivitet-for-ungdom/>

Komande møte

- 18.september kl 15-16

6